

**Til Alver kommune , Plan- og byggjesaksavdelinga v/Rådgjevar Anne Lise Molvik.**

Gjeld utbetring av støttemur på veg nr. 8 i reguleringsplanen for Friluftsområde i Kvamsvågen gnr. 141 bnr. 7 og 141/63 Kvamme Nedre.

Tilsvar til motteke brev datert 15.10.2020.

Dykkar ref. 20/13267-20/64985.

Merknad til kommunen si vurdering om at omsøkt tiltak er i strid med arealføremålet i reguleringsplanen og i strid med Plan-og bygningslova prg. 1-8.

**Tiltaket sitt omfang.**

Tiltaket det er søkt om er utbetring av ein eksisterande støttemur til regulert veg nr. 8 i ein godkjend reguleringsplan. Tiltaket er såleis ein del av vegen og ikkje noko inngrep i anna arealbruk i området. Dispensasjon frå arealdelen i reguleringsplanen krevst då ikkje.

**Vurdering etter Pbl. prg. 1-8.**

Området som tiltaket ligg i, er regulert som Friluftsområde for Kvamsvågen. Sjå vedlagd reguleringskart med tilhøyrande føresegner. Reguleringsgrensa for planen går eit langt stykke ut i sjøen og ei stripe langs sjøen inn på land i ei bredde varierande frå 10 til 40m frå sjøen. Innafor dette området er det i reguleringsføresegnene detaljert skildra kva tiltak som kan oppførast og utviklast. Mellom anna veg nr. 8 som er tilkomstveg til gnr. 141 bnr. 7 og som omsøkt tiltak ligg på. Reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner opphevar byggje forbodet i prg. 1-8 i Plan-og bygningslova for det området som reguleringsplanen gjeld for dvs. for mellom anna det tiltaket det her er søkt om. Reguleringsplanen sine føresegner regulerer aktiviteten innafor planområdet. Kravet om dispensasjon etter PBL prg. 1-8 er det derfor ikkje grunnlag for å krevje.

**Vedk. kravet om målsett situasjonskart.**

Dette har ein nå revidert og kartet er nå målsett.

**Vedk. Parkeringsplass nr. 7 i reguleringsplanen.** Denne parkeringsplassen vil ligge delvis der støttemuren skal utbetrast. Sjå revidert situasjonskart. Parkeringsplassen er nå teikna inn på situasjonskartet. Omsøkt utbetring av støttemur er ein føresetnad for at parkeringsplassen ein gong i framtida kan byggjast. Fundamentet for parkeringsplassen inntil vegen må vera solid. Dette vil omsøkt tiltak gi. Tiltaket er derfor ikkje i strid med reguleringsplan eller parkeringsplass, men er ein føresetnad for at parkeringsplassen kan byggjast.

**Nabovarsling.**

Når det gjeld nabovarsel vil ein berre opplyse om at naboane er varsle basert på nabooppgåve frå Alver kommune. Noko anna grunnlag har ikkje søkjar tilgang til. Søkjar må her stole på kommunen sine opplysningar.